



# PEDAGOGISK PLAN BARNEHAGANE I LOM

Loar og Garmo barnehage



Lom

# Innhald

Felles informasjon om Loar og Garmo

Visjon

Målsettingar

Felles pedagogisk plattform – verdisyn, læringssyn, barnesyn

Krav i rammeplan

Overgang barnehage – skule

Planlegging, dokumentasjon og vurderingsarbeid

Samarbeid heim – barnehage

Foreldreråd og samarbeidsutval

Samarbeid med andre instansar

# Barnehagane i Lom

I Lom har vi to kommunale barnehagar. Den eine er Loar barnehage, som ligg i Lom sentrum, rett ved barneskulen og Presthaugen. Loar barnehage har fem avdelingar og ligg i naturskjønne omgivnader med naturen tett på. Her er det mange moglegheiter, også utanfor barnehagen sitt område.

Garmo barnehage ligg 15 km aust for Lom sentrum. Barnehagen held til i lokala der Garmo skule var tidlegare. Garmo barnehage har tre avdelingar og ligg rett ved skogen. Her er det fine turmoglegheiter og eit fint naturområde rundt barnehagen.

Barnehagane samarbeider tett og har felles visjon, mål og pedagogisk plattform.

Styrar i Loar har hovudansvar for administrative oppgåver for Loar og Garmo.

Styrar i Garmo har hovudansvar for fagutvikling og personalutvikling for Loar og Garmo.

# Vår visjon er: SAMAN, HER OG NÅ

I barnehagane i Lom skal vi arbeide for at alle skal vere saman, her og nå. For oss betyr det at vi skal gripe augeblikk, og leve i stunda. Vi skal sjå og bekrefte barna, og vere til stades med både kropp og sinn. Det skal vere rom for spontanitet og utforsking, og vi skal skape felles opplevingar. I tillegg til planlagte aktivitetar, skal vi ha opne planar og dermed moglegheit for at barna kan medverke. Vi skal ha tid til å vere med når barna vil noko her og nå.

Prosessens saman med barna skal vere det viktigaste. Det krev vaksne som er motiverte, og som tek aktivt del i det som skjer.

Vi skal arbeide for å vere eitt fellesskap, og å vere saman på tvers av avdelingar.

Ansvaret ligg hos oss vaksne, og vi må arbeide for å skape gode relasjoner både mellom

- barn – voksen
- barn – barn
- voksen – voksen



# Vi skal setje leiken høgt

Vi meiner leiken er det viktigaste som skjer i barnehagen. Læring og meistring skjer gjennom leik. Barn utviklar seg på alle område når dei leikar, (sosialt, språkleg, kognitivt, fysisk og psykisk). Dette er godt illustrert i figuren under.

Vi må derfor gje god tid til leik og arbeide for at alle barn deltek i leik. Dette krev vaksne som er aktive i leiken, som greier å balansere mellom deltaking og observasjon, og som har kompetanse i å hjelpe barn inn i leik. Barna sin leik skal respekterast, og vi skal strekkje oss etter å ikkje avbryte leiken unødig. I leiken oppstår ofta vennskap, og desse relasjonane skal vi ta vare på.

Bygt sjølvkjensle

Brukt sansane

Teke initiativ

Utfalda seg

Samarbeidd

Vorte utfordra

Vore ein del  
av fellesskapet

Opplevd  
vennskap

Øvd på turtaking

Arbeidd med  
erfaringar og  
opplevingar

Bruk fantasi

Opplevd empati

Vore kreativ

Lært om reglar  
og normer

Opplevd motgang og små tap

# Saman skal vi oppleve magiske augeblikk


Det er ikkje lett å planlegge eit magisk augeblikk, for det å oppleve magiske augeblikk skjer ofte meir spontant enn planlagt.

- Vi skal finne glede i dei små tinga.
- Vi skal ha tid til å stoppe opp og gripe augeblikket.
- Vi skal undre oss saman.
- Vi skal gle seg over det vi ser, høyrer, smakar – bruke sansane våre.
- Vi skal gje barna erfaringar, rom og moglegheiter.
- Vi skal vera engasjerte og lydhøyre vaksne, som tek barna på alvor – «smitte» dei andre med engasjement.

# Barna skal oppleve naturglede

Vi skal bruke mogleheitene i naturen rundt oss, og la den bli ein del av barna sin kvar dag.

- Vi skal legge til rette for positive opplevingar i naturen.
- Vi skal legge til rette for at barna skal sjå verdien i å vere ute.
- Barna skal få bruke fantasien sin ute.
- Vi skal ta vare på naturen.
- Barna skal oppleve ulike årstider, værtypar og få kjennskap til dyrelivet.
- Vi skal bruke det naturen tilbyr.
- Vi skal utforske og bruke sansane.
- Vi skal ta oss tid til det barna er opptekne av.
- Naturen startar utanfor døra.
- Vi skal ikkje vere opptekne av lengda på turen, men av opplevingane.
- Barna skal kjenne meistring på turen.



# Barna skal kjenne meistring i eigen kropp

Barnehagen skal fremje barna si fysiske og psykiske helse. Vi skal bidra til at barn trivst, har livsglede, kjenner på mestring og eige verd. Vi ynskjer at alle barn skal bli trygge på seg sjølve, og dermed også utvikle bevisstheit rundt eigne og andre sine grenser.

- Vi skal gje ros og oppmuntring.
  - a) For å gje barna ei god sjølvkjensle.
  - b) For å gje barna sjølvtiltillit.
- Barna skal få prøve og feile. For så å prøve og meistre.
- Barna skal ha noko å strekke seg etter
- Vi skal gje barn moglegheit for meistring på sitt nivå, både i leik og aktivitetar.
- Barna skal få utfordringar, både grov- og finmotorisk.
- Barna skal få bruke kroppen i ulike miljø/element.
- Vi skal prate om kva som skjer i kroppen.
  - a) For at barna skal kjenne sin eigen kropp og få kunnskap om eigen kropp.
  - b) For at barna skal kjenne på at dei kan bli slitne.
  - c) For at barna skal lære å akseptere at alle er forskjellige.
- Vi skal skape tryggleik i barnehallen.
- Vi skal gje barna moglegheit til ro, kvile og avslapping i løpet av dagen.



# Felles pedagogisk plattform

Barn i barnehagen treng vaksne som har eit bevisst forhold til arbeidet sitt. Barn sin trivsel er vaksne sitt ansvar. Dei vaksne må vere bevisst sitt barnesyn, verdisyn og læringssyn. Vi treng ei felles ramme for korleis vi skal møte barn, kva for verdiar som skal styre oss, og kva vi tenkjer om korleis barn lærer. FN sin barnekonvensjon skal ligge til grunn for arbeidet vårt.

## Verdisyn:

- Vi skal fremje likeverd og likestilling.
- Vi skal gje omsorg og tryggleik.
- Vi skal ha glede og ros i kvardagen.
- Vi skal legge til rette for gode meistringsopplevelingar.
- Vi skal ha respekt for kvarandre, og for at barn sine heimar er ulike.

## Barnesyn:

- Barndommen sin eigenverdi skal setjast høgt.
- Barn skal bli sett og hørt. Vi skal ivareta barna sin rett til medverknad.
- Vi skal sjå på barna som kompetente og ta dei på alvor.
- Vi skal vere bevisste den makta vi har som vaksne.
- Barn treng grenser og rammer, og tydelege og trygge vaksne.
- Vi skal synleggjere eit kulturelt mangfald.

## Læringssyn:

- Barn lærer gjennom å bruke kroppen sin, og i leik. Vi må derfor sjå på kroppen som ein heilskap.
- Vi skal legge til rette for spontanitet og improvisasjon, og vekkje barna si interesse.
- Barna skal få utforske og undre seg.
- Læring skjer ofte i samspel med andre, og vi skal derfor legge til rette for felles opplevelingar.
- Vi skal legge til rette for både formelle og uformelle læringssituasjonar.
- Vi skal ta vare på her-og-nå situasjonar.
- Vi skal vere gode rollemodellar slik at læring blir indre motivert.

# Kvalitetsutvikling

Barnehagen arbeider kontinuerleg med kvalitetsutvikling etter ein systematisk metode. Kvart år vert det vald eit fokusområde for barnehagen. Deretter set pedleiarar standardar for kva som er god kvalitet i arbeidet med vald fokusområde. Kvar avdeling utarbeider sin beste praksis som viser korleis dei konkret vil arbeide for å innfri standardane, som vert beskrive i temaplanar. Ved avslutninga av eit år skal alle avdelingane dele resultatet med kvarandre og evaluere arbeidet.

# Barn sitt psykososiale miljø

I forskrifta om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar, § 12 om psykososiale forhold, heiter det: «Virksomheten skal fremme trivsel og gode psykososiale forhold.»

Barnehagen er ofte barn og foreldre sitt første møte med eit anna miljø enn heimen, og eit godt psykososialt miljø i barnehagen er viktig i det førebyggjande og helsefremjandearbeidet for barn.

I målet vårt om at barna skal kjenne meistring i eigen kropp, seier vi at vi skal bidra til å fremje barna si fysiske og psykiske helse i barnehagen. Eit godt psykososialt miljø hos oss skal kjenneteiknast ved;

- Tryggleik
- Meistring
- Gode relasjonar
  - barn-barn
  - voksen-barn
  - barn-voksen
  - voksen-voksen
- Aktivt arbeid med førebyggjande mobbing og krenkjande åtferd
  - Barnehagen skal ha ein eigen handlingsplan mot mobbing og krenkjande åtferd.
- Vi gjennomfører barnesamtaler kvart år.

# Overgang barnehage – skule

Barnehagen arbeider kontinuerleg med kvalitetsutvikling etter ein systematisk metode. Kvart år vert det vald eit fokusområde for barnehagen. Deretter set pedleiarar standardar for kva som er god kvalitet i arbeidet med vald fokusområde. Kvar avdeling utarbeider sin beste praksis som viser korleis dei konkret vil arbeide for å innfri standardane, som vert beskrive i temaplanar. Ved avslutninga av eit år skal alle avdelingane dele resultatet med kvarandre og evaluere arbeidet.

## Sentrale føringar:

Både Rammeplan for barnehagen og læreplanverket slår fast at barnehage og skule skal samarbeide til barnets beste.

## Kommunale føringar:

Lom kommunestyre gjorde i april i 2015 følgjande vedtak:

Det skal utarbeidast og implementerast rutinar for meir systematisk arbeid mellom barne- og ungdomsskule, og mellom barnehage og Barneskule.

Det er utarbeidd plan for overgang barnehage-skule. Det blir arbeidd vidare for auka samarbeid på fleire område enn ved overgang til skule.



# Samarbeid barnehage – heim

Samarbeid mellom heimane og barnehagen skal medverke til at barna får eit best mogleg tilbod. Forelda er dei viktigaste personane i livet til barnet, og den aller viktigaste samarbeidspartnaren for barnehagen. God dialog mellom foreldra og barnehagetilsette skaper tillit og eit godt samarbeid. Saman kan vi oppnå det overordna målet i barnehagen; at barna skal trivast og utvikle seg.

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barns behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. (Lov om barnehager §1)

Det vert årleg gjennomført brukarundersøking i barnehagen der føresette skal svare på spørsmål om korleis dei opplever kvaliteten på tilboden. Resultatet av undersøkinga vert gjennomgått på alle avdelingar, og tiltak vert meldt attende til føresette.

Kartlegging av enkeltbarn vert gjort ved behov, og med samtykke frå føresette. Barna sine opplevingar av barnehagekvardagen sin er det viktig å ha fokus på.

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg. (Lov om barnehager §1)

Loar og Garmo barnehage har kvar sitt foreldreråd (FAU). Samarbeidsutval er felles (SU).

Føresette får tilbod om foreldresamtale to gonger i året.

Det er også foreldremøte på avdelingane og eit storforeldremøte kvart år.

# Samarbeid med andre instansar

Personalet i barnehagen ser barnet dagleg i samhandling med andre barn og vaksne. Vi vil som oftest registrere det dersom noko er annleis med veremåten og utviklinga til eit barn. Når det oppstår uro i samband med den mentale, sosiale, fysiske, psykiske helsa til barnet, har vi ansvar for å gå vidare til den rette faginstansen.

Barnehagen har melde- og opplysningsplikt til barnevernet.

Foreldra skal informerast om, involverast i og samtykke til tilvisingar som barnehagen gjer til eksterne faginstansar.

Dette kan vere:

- PPT (Pedagogisk – psykologisk teneste)
- Helsestasjonen
- BUP
- Ulike kompetansesenter (Barne- og ungdoms psykiatriske poliklinikker)

## Loar barnehage

Styrar: Ragnhild Vestad

Tlf: 61217250, mobil: 40448551

E-post: ragnhild.vestad@lom.kommune.no

## Garmo barnehage

Styrar: Mari Aurmo Weldingh

Mobil 97621643

E-post: mari.weldingh@lom.kommune.no

[www.lom.kommune.no/barnehage](http://www.lom.kommune.no/barnehage)